

MØTEBOK

Organ	Hovudutval for næring og kultur
Møtestad	Fylkeshuset, Leikanger, møteromFirda
Møtedato	31.05.2016
Kl.	09:00 – 13:15

Faste medlemer til stades:

Karen Marie Hjelmesæter, Sp, leiar
Jakob Andre Sandal, SV, nestleiar
Aleksander Øren Heen, Sp
Erlend Haugen Herstad, Sp
Hilmar Høl, Ap
Torbjørn Vereide, Ap
Anne Lilleaasen, H
Marita Gunn Aarvik, Frp
Jon Olav Kvamme, KrF

Forfall til møtet:

Varamedlemer til stades:

Til stades med møte- og talerett:

Fylkesdirektør Jan Heggheim
Ass. Fylkesdirektør Ingebjørg Erikstad
Ass. Fylkesdirektør Endre Høgalmen

Sekretariat for møtet:

Helga Bjørkhaug

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebok frå 12.05.2016 vart godkjend utan merknader.

Orienteringar:

- Samfunnsansvarleg næringsliv ved prosjektleiar Line Træen
- Opplæringsfartøy AS ved ordførar Kristin Maurstad, Vågsøy kommune
- Fiskerinæringa og flåteproblematikk - ved avdelingsleiar Paul-Gustav Remøy og styremedlem Kåre Furnes frå Fiskebåt Vest
- Den norske bokbyen ved dagleg leiar Marianne Supphellen og styreleiar Torgeir Skålid

**SAK 50/16 Skriv og meldingar - hovudutval for næring og kultur
31.05.2016**

Følgjande skriv og meldingar låg føre:

1. Fråsegn frå fylkesting for ungdom i Sogn og Fjordane (FFU)
2. Førdekonferansen 2016 torsdag 7. juli - program
3. Rapport: Tilskot til tiltak innan naturforvaltning, vilt, fiske og friluftsføremål 2015
- 3a. Tilskot til friluftslivsaktivitet (kap. 1420 post 78) - løyving til friluftslivstiltak 2015
- 3b. Tiltak i statleg sikra friluftslivsområde (kap. 1420 post 78)
- 3c. Tilskot til vilttiltak - statsbudsjettet kap. 1425 post 71
4. Svar - Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane / Endring av vedtekter - uttale
- 4a. Endring av vedtekter

Muntleg orientering:

5. Oljemessa i Stavanger 29. august – 1. september
6. Program for møte i hovudutvalet 20. – 21. juni på Svanøy

SAK 51/16 Årsrapport 2015 for Sogn og Fjordane fylkeskommune

VEDTAK:

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Årsrapport 2015 for Sogn og Fjordane fylkeskommune vert teken til orientering.

SAK 52/16 Regionalt forskingsfond Vestlandet - årsrapport 2015

VEDTAK:

Hovudutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

Fylkestinget tek årsrapporten frå arbeidet i Regionalt forskingsfond Vestlandet 2015 til vitande.

Hovudutvalet gjorde følgjande vedtak:

Som saksordførar vert valt: Torbjørn Vereide.

**SAK 53/16 Sogn og Fjordane Teater - generalforsamling 2016,
vedtektsendring og framlegg til styreleiar,
styremedlemmer og varamedlemmer**

VEDTAK:

1. Som styreleiar for Sogn og Fjordane teater vert foreslått: Håkon Fimland
2. Som styremedlem for Sogn og Fjordane teater vert foreslått: Ola Tarjei Kroken
3. Som styremedlem for Sogn og Fjordane teater vert foreslått: Kristine Lie
4. Som varamedlemmer til styret vert foreslått i rekkjefølgje
 1. Hanne Oftedal
 2. Eva Marie Halvorsen
 3. Anne Lilleåsen

SAK 54/16 Tertialrapport 1/2016

VEDTAK:

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

A. Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2016

- 1 Rammetilskotet vert redusert med 3,819 mill.kr.
- 2 Regionale utviklingsmidlar vert auka med 3,030 mill. kr.
- 3 Lokale inntekter vert auka med 13,988 mill. kr.
Ekstraordinære avdrag vert auka tilsvarande.
- 4 Driftsmidlar til investering vert auka med 12,186 mill. kr.
- 5 Avsetjing til omstillingsfond vert redusert med 0,360 mill. kr.
- 6 Sektorbudsjettet til politisk styring, plan og forvaltning vert auka med 1,678 mill. kr med slik fordeling:
 - Teneste 4100 Kontrollutvalet og revisjon vert auka med 0,278 mill. kr.*
 - Teneste 7151 Regionalt plan og utviklingsarbeid vert auka med 2,500 mill. kr.*
 - Teneste 7154 Utviklingsarbeid klima vert auka med 1,450 mill. kr. Midlane vert flytta frå teneste 7163 Klima og miljø. Teneste 7163 utgår.*
 - Teneste 7164 Friluftsliv mv. med tilhøyrande budsjett på 1,100 mill. kr vert flytta til sektoren næring og kultur.*
- 7 Sektorbudsjettet til opplæring vert redusert med 12,024 mill. kr. med slik fordeling:
 - Teneste 5151 Fellesutgifter vert redusert med 2,238 mill. kr.*
 - Teneste 5200 Pedagogisk leining vert redusert med 2,000 mill. kr.*
 - Teneste 5201 Pedagogiske fellesutgifter vert redusert med 10,000 mill. kr.*
 - Teneste 5210 Utdanningsprogramma vert auka med 4,274 mill. kr*
 - Teneste 5313 Jordbruksskulegardar vert redusert med 0,100 mill. kr.*
 - Teneste 5611 PP-tenesta vert redusert med 0,400 mill. kr.*
 - Teneste 5613 Oppfølgingstenesta vert redusert med 0,130 mill. kr.*
 - Teneste 5620 Tilpassa opplæring vert redusert med 4,000 mill. kr.*
 - Teneste 5701 Opplæring i bedrift vert auka med 0,570 mill. kr.*
 - Teneste 5702 Fagprøver vert auka med 0,500 mill. kr.*
 - Teneste 5810 Vaksenopplæring vert auka med 1,500 mill. kr.*
- 8 Sektorbudsjettet til næring og kultur vert auka med 3,995 mill. kr med slik fordeling:
 - Teneste 7012 Bransjeretta satsingar vert auka med 1,280 mill. kr.*
 - Teneste 7015 Nyskaping vert auka med 1,250 mill. kr.*
 - Teneste 7164 Friluftsliv mv. med tilhøyrande budsjett på 1,100 mill. kr vert flytta til sektoren næring og kultur frå sektoren politisk styring, plan og forvaltning.*
 - Teneste 7500 Kulturminnevern vert auka med 0,250 mill. kr.*

Teneste 7720 Kunstproduksjon vert auka med 0,115 mill. kr.

- 9 Sektorbudsjettet til samferdsle vert redusert med 6,264 mill. kr. med slik fordeling:
Teneste 7300 Buss – kjøp av teneste vert redusert med 3,550 mill. kr.
Teneste 7310 Fylkesvegferjer vert redusert med 2,898 mill. kr.
Teneste 7322 Båt- ekspress- og lokalruter vert auka med 0,184 mill. kr.

B. Det vert gjort slike endringar i kapitalbudsjettet for 2016

- 1 Investeringsprogrammet for bygg med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 3.
- 2 Investeringsprogrammet for fylkesvegar med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 4.
- 3 Inntekter frå sal av anleggsmidlar på samla 12,952 mill. kr - med fråtrekk for eventuelle salskostnader - vert nytta til ekstraordinære avdrag.

C. Andre område

- 1 Rapportering på finansporteføljen i vedlegg 5 vert teken til vitande.
- 2 Rapportering på konsesjonskraftomsetjing i vedlegg 6 vert teken til vitande.
- 3 Budsjettreglementet vert endra i samsvar med vedlegg 7.

SAK 55/16 Regional cruisestrategi for Vestlandet

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for næring og kultur å gje slik tilråding:
Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune sluttar seg til «Cruisestrategi for Vestlandsregionen 2016-2020» slik den ligg føre, som ein intensjon for vidare arbeid med cruiseturisme.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber om at det vert utarbeidd ein handlingsplan for iverksetting av tiltak for å nå måla i strategidokumentet.

Endringsframlegg:

Hovudutvalet sette fram slikt framlegg til eit nytt punkt 3:

Sogn og Fjordane fylkeskommune ynskjer at ei ordning med fellesgodefinansiering for reiselivsnæringane blir utgreidd på nasjonalt nivå, og at fellesgodefinansiering også gjeld cruiserelatert verksemd. Dette bør innarbeidast i strategiar og handlingsplan og føre til ei felles fråsegn frå vestlandsfylka.

Avrøysting:

Tilrådinga frå fylkesrådmannen punkt 1 og 2 vart samrøystes vedteke.

Endringsframlegget frå hovudutvalet til eit nytt punkt 3 vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune sluttar seg til «Cruisestrategi for Vestlandsregionen 2016-2020» slik den ligg føre, som ein intensjon for vidare arbeid med cruiseturisme.

2. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber om at det vert utarbeidd ein handlingsplan for iverksetting av tiltak for å nå måla i strategidokumentet.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune ynskjer at ei ordning med fellesgodefinansiering for reiselivsnæringane blir utgreidd på nasjonalt nivå, og at fellesgodefinansiering også gjeld cruiserelatert verksemd. Dette bør innarbeidast i strategiar og handlingsplan og føre til ei felles fråsegn frå vestlandsfylka.

SAK 56/16 Endring i forskrift om hausting av tang og tare

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår Hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at den beste måten å legge til rette for utnytting av tareressursen på, er ei økosystembasert forvaltning.
2. Vi ber om at Fiskeridirektoratet prioriterer å få fram kunnskap for ei framtidsretta forvaltning av tareressursane. Vi treng meir kunnskap om biomassen av stortare i fylket og konsekvensar for økosystemet ved hausting kvart 5. år. Dette for at vi i framtida kan legge opp til ei forsvarleg forvaltning og å sikre ei berekraftig hausting.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber Fiskeridirektoratet om :
 - a. Å følgje arbeidsgruppa sitt forslag om presise digitale kartløyser med lenke til aktuelle verneforskrifter inn i karta.
 - b. å følgje arbeidsgruppa sitt forslag om revidering av haustefelt og hausteregime
 - c. å følgje arbeidsgruppa sitt forslag om at området utafor Grotle gamle kyrkjegard vert stengt for tarehausting og at dette vert teke inn i ny forskrift.
4. Fylkeskommunen gjer framlegg om å vidareføre dei ni stengde fugleområda i ny forskrift, med atterhald om oppdatering av fugleteljningar i desse områda i løpet av dei neste fem åra.
5. Fylkeskommunen tilrår å oppretthalde den eksisterande grensa i Bremangerpollen, føresett at det vert forska på verknader av hausting i dette området: Oppvekstvilkår for fisk, fiskebestand og fangstmengd for nærfiske i Bremangerpollen.
6. Sogn og Fjordane fylkeskommune håpar at ein ved neste revisjon av forskrifta har meir kunnskap som gjer det mogeleg å gjere ei fagleg vurdering av haustingregimet av tare.

Endringsframlegg:

Hovudutvalet sette fram slikt framlegg til nytt pkt. 3 d.:

Fylkeskommunen er uroa for erosjonsskadar på strekninga Drage – Indre Fure. Ein ber om at erosjonskonsekvensane på denne strekka vert ytterlegare vurdert før området vert vidareført som trålingsområde.

Hovudutvalet sette fram slikt framlegg til eit nytt punkt 5:

Fylkeskommunen følgjer i hovudsak kommunane sine høyringsinnspel. I Bremangerpollen blir det frå Fiskeridirektoratet og Havforskingstinstituttet ikkje argumentert med at det finst fagleg grunngjeving for å utvide vernesona. Fylkeskommunen vil likevel be om at Fiskeridirektoratet av almennpreventive omsyn følgjer Bremanger kommune sine tilrådingar.

Avrøysting:

Endringsframlegget frå Framstegspartiet vart samrøystes vedteke

Det vart røysta alternativt over tilrådinga frå fylkesdirektøren og hovudutvalet sitt endringsframlegg til punkt 5. Hovudutvalet sitt framlegg til eit nytt punkt 5 vart samrøystes vedteke.

Tilrådinga frå fylkesrådmannen med vedtekne endringar i punkt 3d og punkt 5 vart samrøystes vedteken.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at den beste måten å legge til rette for utnytting av tareressursen på, er ei økosystembasert forvaltning.
2. Vi ber om at Fiskeridirektoratet prioriterer å få fram kunnskap for ei framtidsretta forvaltning av tareressursane. Vi treng meir kunnskap om biomassen av stortare i fylket og konsekvensar for økosystemet ved hausting kvart 5. år. Dette for at vi i framtida kan legge opp til ei forsvarleg forvaltning og å sikre ei berekraftig hausting.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber Fiskeridirektoratet om :
 - a. Å følgje arbeidsgruppa sitt forslag om presise digitale kartløyser med lenke til aktuelle verneforskrifter inn i karta.
 - b. å følgje arbeidsgruppa sitt forslag om revidering av haustefelt og hausteregime
 - c. å følgje arbeidsgruppa sitt forslag om at området utafor Grotle gamle kyrkjegard vert stengt for tarehausting og at dette vert teke inn i ny forskrift.
- d. Fylkeskommunen er uroa for erosjonsskadar på strekninga Drage – Indre Fure. Ein ber om at erosjonskonsekvensane på denne strekka vert ytterlegare vurdert før området vert vidareført som trålingsområde.
4. Fylkeskommunen gjer framlegg om å vidareføre dei ni stengde fugleområda i ny forskrift, med atterhald om oppdatering av fugleteljingar i desse områda i løpet av dei neste fem åra.
5. Fylkeskommunen følgjer i hovudsak kommunane sine høyringsinnspel. I Bremangerpollen blir det frå Fiskeridirektoratet og Havforskingstinstituttet ikkje argumentert med at det finst fagleg grunngjeving for å utvide vernesona. Fylkeskommunen vil likevel be om at Fiskeridirektoratet av almennpreventive omsyn følgjer Bremanger kommune sine tilrådingar.
6. Sogn og Fjordane fylkeskommune håpar at ein ved neste revisjon av forskrifta har meir kunnskap som gjer det mogeleg å gjere ei fagleg vurdering av haustingregimet av tare.

VEDTAK:

- 1 Dei to søknadane som ligg føre frå Sogn og Fjordane er svært ulike i innhald og omfang, men begge er viktige for sikring og vidare utvikling av fiskerirelaterte arbeidsplassar i fylket.
- 2 Trass i at den fiskerifaglege tilknytninga har kome tydelegare fram etter innhenting av meir informasjon frå Vågsøy kommune, vil fylkeskommunen rangere søknaden frå Solund kommune framfor søknaden frå Vågsøy kommune.
- 3 Søknaden frå Vågsøy kommune er likevel viktig for vidare vekst i fiskerisektoren i regionen, og ber om at også denne søknaden vert gjeve høg prioritert i den nasjonale rangeringa.

SAK 58/16 Skipping av "Forum for grøn energi"

VEDTAK:

**Hovudutval for næring og kultur rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Fylkestinget tek orienteringa om skipping av «Forum for grøn energi» til vitande.

SAK 59/16 Tildeling av tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 79 Verdsarv

VEDTAK:

1. Det vert løvyd kr. 120 000 til istandsetjingstiltak på lòa på gb.nr. 64/1 Gudvangen gard.
2. Løyvinga vert finansiert av disponible midlar frå Statsbudsjettet kap. 1428 post 72.9 som fylkeskommunen fekk tildelt i 2011.

SAK 60/16 Revidering av delegerings- og innstillingsreglementet

VEDTAK:

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Fylkestinget vedtek delegerings- og innstillingsreglementet i samsvar med vedlegget.

SAK 61/16 Fordeling av spelemidler til idrettsanlegg 2016**VEDTAK:**

1. Det vert løyvd midlar til følgjande nærmiljøanlegg;

Kommune	Pri.	Anleggsnr.	Søklar	1.søknadsår	Type anlegg	Løyving
Askvoll	1	1428002604	Askvoll kommune	2015	Klatrepark	300 000
Askvoll	2	1428001106	Askvoll kommune	2015	Binge, rehab.	57 000
Askvoll	4	1428001503	Holmedal Vel	2016	Binge, rehab.	59 000
Bremanger	1	1438000604	Bremanger kommune	2015	Binge, rehab.	62 000
Bremanger	2	1438001205	Bremanger kommune	2015	Binge, rehab.	62 000
Eid	1	1443000505	Heia IL	2015	Binge, rehab.	126 000
Eid	2	1443000506	Heia IL	2015	Løp	165 000
Eid	3	1443000507	Heia IL	2015	Ballbane	300 000
Eid	4	1443000308	Haugen IL	2015	Sandbane	178 000
Eid	5	1443000309	Haugen IL	2015	Sandbane	178 000
Fjaler	1	1429001702	Fjaler kommune	2012	Sandbane	270 000
Fjaler	2	1429000506	Fjaler kommune	2014	Binge	262 000
Flora	1	1401003507	Flora kommune	2015	Binge	300 000
Flora	2	1401008802	Flora kommune	2015	Klatrepark	300 000
Flora	3	1404008801	Flora kommune	2015	Petanque	70 000
Flora	4	1401003802	Flora kommune	2016	Binge, rehab.	62 000
Flora	5	1401003508	Flora kommune	2016	Klatrepark	300 000
Førde	1	1432004402	Slåttebakkane grannelag	2016	Ballbane	300 000
Førde	2	1432002506	Førde kommune	2015	Binge	300 000
Førde	3	1432003204	Førde kommune	2015	BMX sykkel - løype	300 000
Førde	4	1432006401	Lysthaugen grannelag	2015	Binge	124 000
Gaular	1	1430000204	Gaular IL	2015	Sandbane	99 000
Gaular	3	1430000407	Gaular kommune	2015	Binge, rehab.	45 000
Gloppen	1	1445006909	Sandane Turn & IL	2013	Klatrepark	25 000
Gloppen	2	1445002702	Nesjane grendalag	2015	Fleirbruks- område	84 000
Gloppen	3	1445002804	Gloppen kommune	2014	Binge, rehab.	76 000
Gulen	1	1411002101	Ortneset Vel	2015	Binge, rehab.	145 000
Jølster	1	1431002002	Årdalen Vel	2015	Binge, rehab.	58 000
Jølster	2	1431005002	Vikagarden Vel	2015	Binge, rehab.	65 000
Leikanger	1	1419000107	Leikanger kommune	2015	Klatrepark	300 000
Leikanger	2	1419002301	Leikanger kommune	2015	Binge, rehab.	84 000
Luster	1	1426000804	Veitastrond IL	2014	Binge	300 000
Luster	4	1426000106	IL Bjørn	2016	Binge, rehab.	56 000
Lærdal	1	1422000206	Lærdal kommune	2015	Binge, rehab.	77 000
Lærdal	2	1422000307	Borgund Vel	2014	Binge	300 000
Naustdal	1	1433002206	Naustdal kommune	2015	Skateanlegg	265 000
Naustdal	3	1433000405	Naustdal kommune	2016	Binge, rehab.	67 000

Naustdal	4	1433000406	Naustdal kommune	2016	Ballbane	180 000
Selje	1	1441000204	Stadtlandet IL	2016	Binge, rehab.	67 000
Sogndal	1	1420003204	Sogndal kommune	2015	Klatrepark	300 000
Solund	1	1412001601	Solund kommune	2015	Binge, rehab.	75 000
Stryn	1	1449002902	Markane IL	2015	O-kart	47 000
Vågsøy	1	1439000210	Skavøypoll IL	2016	Parkour	150 000
Årdal	1	1424000210	Årdalstangen IL	2015	Sandhand- ballbane	157 000
Årdal	2	1424000803	Årdal kommune	2015	Binge, rehab.	61 000
					45 anlegg	7 158 000

2. Det vert løyvd midlar til følgjande ordinære anlegg styrt av kommunale planar;

Kommune	Pri.	Anleggsnr	Søkjjar	1.søknadsår	Type anlegg	Løyving
Askvoll	1	1428003601	Askvoll og Holmedal skyttarlag	2013	Leirdue	217 000
Aurland	1	1421000101	Aurland kommune	2015	Lys	438 000
Balestrand	1	1418005501	Balestrand kommune	2015	Friluftsliv, sanitæranlegg	416 000
Bremanger	1	1438000107	Svelgen T & IF	2014	Klubbhus, møterom	1 000 000
Bremanger	10	1438008701	Bremanger kommune	2016	Friluftsliv, tursti	1 000 000
Bremanger	11	1438008702	Bremanger kommune	2016	Friluftsliv, sanitæranlegg	243 000
Eid	1	1443000605	Fellesanlegget Tua	2011	Standplass	75 000
Eid	2	1443001036	Harpefossen skisenter AS	2013	Klubbhus	413 000
Eid	3	1443005401	Eidsgrenda skyttarlag	2012	Skyteskiver	252 000
Eid	11	1443000603	Fellesanlegget Tua	2016	Klubbhus, universell utforming	87 000
Eid	14	1443001038	Harpefossen skisenter AS	2016	Skitrekk, universell utforming	300 000
Flora	2	1401006804	Flora seglforeining	2013	Klubbhus, lager	457 000
Flora	3	1401006801	Flora seglforeining	2013	Flytebrygge 1	572 000
Flora	4	1401006802	Flora seglforeining	2013	Flytebrygge 2	700 000
Førde	1	1432009701	Førde IL	2014	Kart	102 000
Førde	2	1432009104	Førde IL	2013	Klubbhus, garderobe	1 000 000
Førde	3	1432009105	Førde IL	2013	Klubbhus, lager	489 000
Førde	4	1432009110	Førde IL	2013	Klubbhus, garderobe ekstra 1	500 000
Førde	5	1432009111	Førde IL	2013	Klubbhus,	455 000

					garderobe ekstra 2	
Førde	10	1432003307	Førde kommune	2015	PCB lys	56 000
Gaular	7	1430000205	Gaular IL	2015	Sandvolleyball	142 000
Gloppen	1	1445001010	Breimsbygda IL	2013	Nedfart	319 000
Gulen	1	1411001207	Nyborg skyttarlag	2013	Skytebane, inne	197 000
Hornindal	2	1444000202	Hornindal kommune	2013	Frilidrett	175 000
Høyanger	4	1416002001	Vadheim IL	2014	Friluftsliv, turveg	277 000
Høyanger	5	1416002001	Vadheim IL	2014	PCB lys	113 000
Leikanger	1	1419000409	IL Syril	2012	Klubbhus, lager	333 000
Luster	3	1426007802	IL Fanaråk	2016	Friluftsliv, tursti	1 000 000
Lærdal	1	1422000110	Lærdal IL	2015	Klubbhus, møterom	373 000
Naustdal	1	1433003502	Naustdal kommune	2015	Skiløype	254 000
Sogndal	1	1420007701	Sogndal kommune	2013	Friluftsliv, sanitæranlegg	217 000
Sogndal	6	1420000204	Kaupanger IL	2014	Klubbhus, garderobe	1 000 000
Sogndal	22	1420000610	Sogndal skisenter Drift	2016	Friluftsliv, sanitæranlegg	358 000
Stryn	1	1449001115	Markane IL	2015	Lys	700 000
Stryn	2	1449001116	Markane IL	2015	Lys	700 000
Stryn	3	1449001117	Markane IL	2015	Lys	636 000
Stryn	4	1449005317	Veten IL	2008	Lys	169 000
Stryn	5	1449001506	Hardbagg IL	2011	Skiskyting	100 000
Vågsøy	2	1439001601	Skavøypoll IL	2015	Klubbhus, lager	246 000
Vågsøy	3	1439000601	Skavøypoll IL	2013	Lys	140 000
					39 anlegg	16 221 000

3. Det vert løyvd midlar til følgjande anlegg styrt av regional plan;

Kommune	Pri.	Anleggsnr	Søklar	1.søknadsår	Type anlegg	Løyving
Balestrand	2	1418002303	Balestrand jeger og fisk	2013	Leirdue	262 000
Fjaler	1	1429000103	Fjaler kommune	2012	Kunstgras	883 000
Flora	1	1401006505	Flora køyre- og rideklubb	2012	Ridehall	185 000
Flora	8	1401008101	Flora motorsport	2013	Enduro	420 000
Flora	11	1401007403	Grovastøylen AS	2013	Skyting, leirdue	162 000
Flora	12	1401007401	Grovastøylen AS	2013	Skyting, 100 meter	1 000 000
Førde	9	1432000301	Førde kommune	2015	Hall, idretts- dekke	1 300 000

Gaular	5	1433000308	Gaular kommune	2013	Hall	3 000 000
Gloppen	11	1445007102	Gloppen kommune/ Trivselshagen IKS	2012	Basseng, stup	500 000
Gloppen	12	1445007103	Gloppen kommune/ Trivselshagen IKS	2012	Basseng, opplæring	3 500 000
Gloppen	13	1445007106	Gloppen kommune/ Trivselshagen IKS	2012	Hall, styrke- trening	300 000
Gloppen	14	1445000501	Gloppen kommune/ Trivselshagen IKS	2012	Hall, idretts- dekke	362 000
Hornindal	1	1444000101	Hornindal kommune	2012	Kunstgras	990 000
Hyllestad	1	1413000101	Hyllestad kommune	2012	Kunstgras	803 000
Høyanger	1	1416000805	Høyanger kommune	2013	Kunstgras	885 000
Høyanger	2	1416000401	Høyanger kommune	2014	Hall, idretts- dekke	267 000
Høyanger	3	1416000103	Høyanger kommune	2012	Kunstgras	811 000
Jølster	1	1431005004	Jølster skyttarlag	2013	Skyting, elgbane	198 000
Luster	1	1426006301	Luster kommune	2012	Basseng, trenings- basseng	2 875 000
Luster	2	1426006302	Luster kommune	2012	Basseng, stup	1 000 000
Sogndal	3	1420006808	Sogndal fotball	2012	Hall, styrke- trening	700 000
Sogndal	4	1420006809	Sogndal fotball	2012	Hall, garderobe	500 000
Vik	1	1417000102	Vik IL	2013	Kunstgras	1 541 000
					23 anlegg	22 444 000

4. Følgjande anlegg vert tildelt av tilbakebetalte midlar;

Kommune	Pri.	Anleggsnr.	Søkjjar	1.søknadsår	Type anlegg	Løyving
Flora	1	1401006505	Flora køyre- og rideklubb	2012	Ridehall	297 000
					1 anlegg	297 000

5. Følgjande anlegg vert tildelt midlar av inndregne midlar 2015:

Kommune	Pri.	Anleggsnr.	Søkjjar	1.søknadsår	Type anlegg	Løyving
Flora	1	1401006505	Flora køyre- og rideklubb	2012	Ridehall	148 000
					1 anlegg	148 000

6. Følgjande anlegg vert tildelt midlar av inndregne midlar 2016:

Kommune	Pri.	Anleggsnr.	Søkjær	1.søknadsår	Type anlegg	Løyving
Gloppen	19	1445000501	Gloppen kommune/ Trivselshagen IKS	2014	Hall, heisveggar	195 000
Vågsøy	5	1439000905	Nordfjord- hallen AS	2014	Hall, kunstgras	124 000
Flora	1	1401006505	Flora køyre- og rideklubb	2012	Ridehall	50 000
					3 anlegg	369 000

7. Følgjande anlegg vert tildelt av rentemidlar:

Kommune	Pri.	Anleggsnr.	Søkjær	1.søknadsår	Type anlegg	Løyving
Vågsøy	5	1439000905	Nordfjord- hallen AS	2014	Hall, kunstgras	129 000
Sogndal	13	1420000111	Sogndal fotball	2014	Kunstgras, undervarme	700 000
					2 anlegg	829 000

SAK 62/16 Gulen og Masfjorden Utvikling as - styremedlem

VEDTAK:

Som fylkeskommunen sitt styremedlem i Gulen og Masfjorden Utvikling as vert peika ut: Audhild Schaathun, Nærings- og kulturavdelinga.

SAK 63/16 Økonomiplan 2017-2020

VEDTAK:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune sin økonomiplan 2017-2020 vert vedteken slik det går fram av fylkesrådmannen si saksframstilling. Dette gjev følgjande sektorrammer:

Økonomiske rammer	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020
Fellesinntekter/- utgifter - netto	-2 194,5	-2 177,1	-2 152,3	-2 078,6
Sektorrammer				
Politisk styring, plan og forvaltning	159,2	158,9	158,5	157,9

Opplæring	824,1	803,9	791,5	786,8
Tannhelsetenesta	81,5	76,4	76,4	76,4
Næring og kultur	154,4	148,3	147,9	147,9
Samferdsle	975,3	989,7	978,1	909,7
Sum sektorrammer	2 194,5	2 177,1	2 152,3	2 078,6

Desse rammene vert lagt til grunn for det vidare budsjett- og økonomiplanarbeidet.

2. Rammene til tannhelsetenesta vil ev. bli tilpassa fylkestinget sitt vedtak i høve den samtidige saka om «Tannhelsetenesta – ein framtidsretta klinikk- og tenestestruktur»
3. Økonomiplanen 2017-2020 har form av å vere eit endringsdokument i høve gjeldande budsjett 2016/økonomiplan 2016-19. Det inneber at berre endringar i høve nemnde budsjett/økonomiplan er kommenterte.
4. Tilrådde tiltak og tilpassingar må om naudsynt utgreiast og konkretiserast som ein del av arbeidet med budsjett 2017.
5. Dei uspesifiserte innsparingskrava innan opplæring og samferdsle må konkretiserast som ein del av budsjett-/økonomiplanprosessen i 2017.
6. Utgreiingar med seinare ferdigstillingsdato må handsamast som ein del av budsjett-/økonomiplanprosessen i 2017.
7. Samla investeringsrammer for økonomiplan 2017-2020 er førebels fastsett slik:
 2017: 569,2 mill. kr,
 2018: 233,1 mill. kr,
 2019: 161,6 mill. kr,
 2020: 130,0 mill. kr.
